

Året som har gått – 2022

I oppsummeringa for 2022 vil me starte med å takke alle som er medlem i IL Fanaråk, dei som stiller frivillig i verv, dei som deltek på dugnad og dei som gir oss gåver i form av premiar, gevinstar og pengar. De er med på å drive idrettslaget vårt. De er med på å skape aktivitet og møteplassar i lokalmiljøet vårt!



I 2022 har me hatt 214 medlemmar i idrettslaget, me har som mål og vonar me kan skape varierte aktivitetar slik at alle finn noko dei kan delta i og møte på. Mange aktivitetar er faste og me har hatt dei over fleire år, andre er nye og meir spontane. Av faste aktivitetar er nok turorienteringa den som aktiviserer flest av oss. Flott at me held på denne tradisjonen sjølv om nye appar og aktivitetar og vert tekne i bruk. Ski, miniputtffotball og barneidrett er aktivitetar for dei minste. Frå 8.klasse kan du vere med på fotball, volleyball og basistrening. Me har i år og arrangert Løp for meg til inntekt for Barnekreftforeningen og hatt påskeaktivitetar i låglandet.

Andre aktivitetar som ikkje er så faste har vore refleksløp på ski, bingo, virtuelt løp med KK-mila, sykkelkarusell og friidrettens dag. 30.september samarbeidde me med Skjolden bygdelag og Fjordstova og arrangerte ein aktivitetsskveld med ulike aktivitetar som klatring, basistrening, handarbeid, PlayStation og spel i samband med Verdensdagen for psykisk helse. Linda Goldmann var i haust saman med oss på Fjordstova der me hadde 7 vaksne som tok livredningsprøven i forhold til bassengaktivitet.

Desember går fort og aktivitetar me har att er bassengdisko og avslutning av året med nissemarsj 16.desember.

Våren 2022 starta Luster kommune saman med idrettslaga Hafslo, Bjørn, Luster og Fanaråk opp med stolpejakt. Der skal du registrere stolpar, via ein app eller på papir. Det var 78 stolpar rundt om i kommunen, nye og fine plassar for mange. Målet er at stolpejakt ikkje skal vere ein konkurrent til dei tradisjonelle turorienteringane til idrettslaget, men postar der ein kan nå flest mogleg på sykkel, med barnevogn eller rullestol.





Bedrifter i kommunen har støtta opplegget og i haust kunne ein dele ut 7 gåvekort a kr 1000 til heldige stolpejegrar.

For å få til eit breitt og variert tilbod, og det tilbodet de som medlemmar ynskjer er me avhengig av tilbakemelding.

Dette gjeld både ris, ros og gjerne gode idear. Me treng og unge og vaksne som er med å arrangerar og som stiller på dugnad.

Den 5.mars 2023 håpar me du set av ettermiddagen til basar i Fortun grendahus. Det skal bli kjekt med ein skikkeleg basar att. Ynskjer du å hjelpe til under basaren, i forkant, med premiar eller loddsal, ta kontakt.

Me oppmodar alle medlemmar om å lage seg brukarar i Min Idrett. Her kan ein legge inn rett e-post ein vil ha medlemsfaktura til og registrere kva grupper av idrettslaget ein vil høyre til. Informasjonen som står i Min Idrett dannar grunnlag for støtte og tilbakebetaling idrettslaget får. Dersom du har spørsmål eller treng hjelp med dette, kontakt Anne Marie.

IL Fanaråk er så heldige at me har fått flotte sponsorar som bidreg til at me kan halde oppe aktiviteten vår. Luster Sparebank har i fleire år vore hovudsponsoren vår. Hydro i Fortun, Tindevegen og Oddvar Røysi bidreg økonomisk til idrettslaget og på Sportsbui i Gaupne får medlemmane våre 15% rabatt når ein kjøper ulike varer. Idrettslaget får og rabatt på utstyr me kjøper der. Tusen takk for denne støtta og for bidraget de legg att i bygdene våre.

Som tidlegare år vil me dra fram to som har betydd mykje for IL Fanaråk opp gjennom åra. Desse vil og få ei lita julehelsing frå oss. Den første er Kåre Steinar Skagen. Han har bidrege som skitrenar, køyrt trakkemaskin og køyrt til renn rundt omkring. Kåre Steinar har alltid stilt opp på arrangement som Fanaråken opp og Tinderittet. Han er ein flink fotograf me har nytta til å ta bilder frå arrangementa våre. Me vil og trekke fram Einar Skagen. Einar har gjennom mange år lagt ned ein kjempeinnsats som friidrettstrenar. Han har og arbeid med det tekniske i forhold til Tinderittet, Sognefjellsmarsjen, Fanaråken opp og andre arrangement og jobba med heimesida til idrettslaget.



Ein anna som betyr og har betydd mykje for idrettslaget er Anders! Han har vore med sidan 1972 (då Fortun idrettslag) og vore formann i idrettslaget sidan 2000. Av idrettar er det nok ski og fotball som har stått Anders nærmast. Han har bidrege som trenar og lagleiar i ski, fotball og friidrett. Anders har mange timar i trakkemaskina både for IL Fanaråk og Sognefjellet sommarskiser, og på plenklyppartraktoren på fotballbana. Anders har bidrege som teknisk delegat på uttallege skirenn og hjelpt til på arrangement rundt omkring i kommunen.

Anders har vore primus motor på Sognefjellet Sommarskiser, har vore med å starta og drifta arrangement som Turtagrørennet, Sognefjellsmarsjen, Tinderittet og Fanaråken opp.

For innsatsen sin som eldsjel og frivillig har Anders fått prisar som Ildsjelprisen i Langrenn, kulturpris i Luster kommune, Kongens fortенestemedalje, Årets idrettsnamn Sogn og Fjordane og hedersutmerkingar frå Skiforbundet og Sogn og Fjordane skikrins.

Me takkar Anders for alt han har gjort og betydd for idrettslaget. Anders gir seg som formann, men me er glade for at han fortsatt blir med oss i arbeidet med servicebygg i Turtagrø og som ei god støttespelar framover.



Me takkar for mange fine stunder saman og skal gjer vårt til at det blir fleire. Takk til dykk som bidreg til laget og til dykk som er med på aktiviteten me lagar. Styret i IL Fanaråk vil me dette ynskje dykk ei god jul og eit godt nyttår!!

Med venleg helsing Anders, Stine, Jakob, Anne Marie, Vegard og Mona

